

Slik brukar du feltet saka er drøfta/klarert med:

Dokumentasjon for fullført sakshandsaming skal først på elektronisk av ansvarleg sakshandsamar. Før på forkortinga for inst./avd./seksjon/sakshandsamar. Ansvarleg sakshandsamar signerer deretter for at saks-handlingane er utført. Saka skal deretter leggast til fylkesdirektøren for godkjenning. Før saka vert levert fylkes-rådmannen skal den vere signert (godkjent) av den fylkesdirektøren som har saksførebuingansvaret. Hovud-utvalssaker som skal vidare til FU/FT skal vere godkjent og signert av fylkesrådmannen før utsending til hovudutvalsbehandling.

Elles bør feltet også nyttast når saka skal avsluttast i hovudutvalet, for å syne event. sakshandlingar/drøftingar med institusjonar/ andre avdelingar.

Saka er drøfta og klarert med:

Aktuell institusjon:		Forvaltningsavdelinga /Forv.dir.	
Annan avdeling:		- Personalseksjonen:	
Økonomiavdelinga:		- Bygge- og eigedomsseksjonen:	
Juridisk funksjon:		- Driftsseksjonen	
Andre:		- IT / Innkjøp	

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling: BFR

Saka er godkjend av fylkesdirektøren:

Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 1

Tal uprenta vedlegg:

FRAMLEGG TIL FJELLSKREDPROSJEKT - SOGN OG FJORDANE

Fylkesdirektøren rår hovudutval for regional utvikling til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkeskommunen deltek i eit samarbeid med NGU ved etablering av eit Fjellskredprosjekt i Sogn og Fjordane. Prosjektet er planlagt å gå over tre år.
- 2 For 2005 vert det stilt til rådvelde kr. 100.000,- til prosjektet. Midlane vert å hente frå disponible midlar på 2004 budsjettet for plan- og næringsføremål
- 3 Det vert lagt fram ny sak til handsaming for dei to siste åra av prosjektet.
- 4 Prosjektet skal rapporterast årleg og det skal utarbeidast ein sluttrapport.

Prenta vedlegg:

Brev frå NGU med budsjettframlegg

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Det ligg føre brev med framlegg om eit samarbeidsprosjekt frå NGU (Norges geologiske undersøkingar). Dei inviterer til samarbeid med fylkeskommunen om prosjektet: "Fjellskred i Sogn og Fjordane". Føremålet er å utarbeide oversyn som viser risiko for store fjellskred og flodbølger i Sogn og Fjordane.

Prosjektet er viktig for eit fylke som Sogn og Fjordane, der det gjennom tidene er rapportert om skredhendingar av dei fleste kategoriar, snøskred, fonnvind, flaumskred, jordskred, leirskred, steinsprang, steinskred og ikkje minst fjellskred med tilhøyrande flodbølger. Med fjellskred meiner ein skred der volum masse er på 100.000 m³ eller meir.

Mest kjend av desse er er dei to skredulykkene i Lodalen, der det samla omkom 134 personar. Skredesperter meiner ein også i framtida vil kunne oppleve fjellskred i fylket. Dei viser til oppsprekking og brattheng der det synest å vera rørsler på gang. Dette har stor betydning for arealforvaltning og tryggleik for busettinga i fylket. Det kan bli aktuelt å sette inn førebyggjande tiltak eller unngå bruk av slike utsette areal.

Område der det er gjort registreringar av sprekker og rørsler i sprekker er det fleire av i fylket. Av dei kjende kan nemnast Terakamben og Stampa i Aurland, Bøttejuvet og andre fjellparti i Årdal, Gjöringbøfjell i Naustdal, Lifjellet i Hyllestad, Ståpelen i Høyanger og Flofjell i Stryn. Hornelen i Rugsundet er heller ikkje rekna for å vera heilt trygg. Det finnest i tillegg ei rekkje stader i fylket der ein vurderer mogelege utglidinger og der det kan genererast flodbølger.

Nokre stader er det tidlegare sett ut målebolter. Status for desse er variable. Nokre er intakte, andre er øydelagde. Det er også spørsmål om kva ein eigenleg mel på. Det vil vera eit stort behov for å systematisera kunnskapen omkring dei stadene der det er sett ut målebolter.

NGU er oppteken av å kunne gjera meir utviklingsarbeid med dei ustabile fjellpartia. Det er aktuelt å sette inn doktorgradskandidatar. Bl.a. vil fyllittområda i Flåm og Aurland bli gjenstand for forskning/undersøkingar. Dei store skredene i fjorden utanfor Flåm er stipulert til ein alder av 3000 år. I vikingtid er det rapportert om eit stort fjellskred i Sogn (1180).

NGU deltar no i eit prosjekt som heiter: International Centre for Geohazards, mellom anna i samarbeid med NGI (Norsk Geotekniske Insitutt). Det er også pårekna at det frå Statens Landbruksforvaltning (Naturskadefondet) vil bli løyvd midlar til eit slikt prosjekt. Dersom prosjektet kjem i gang, vil det leia til samarbeid der også forskarar ved Høgskulen Sogn og Fjordane, (Sogndal) blir trekt med.

Fjellskredprosjektet er pårekna å ville vare i tre år. Prosjektmidlar frå fylket vil utløyse statlege midlar i eit høvestal på 1 til 4.

2. SAKSINFORMASJON

Vi går no inn i ein ny fylkesplanperiode for 2005 – 2008 der ein legg vekt på å oppretthalde folketalet og busetnadsmønster. Der legg ein også vekt på verdiskapinga og bu og levevilkår. Det skal skapast eit rikt og meiningsfullt liv, der god helse, kultur og tilgjenge for alle i trygge og opne miljø er avgjerande verdiar.

I ein slik samanheng er det viktig å realisera Fjellskredprosjektet i Sogn og Fjordane. Ikkje for å skape uro og redsle, men for å skape tryggleik for at ein i arealforvaltninga gjer dei rette vala.

I NGU sitt framlegg blir Fylkeskommunen invitert til å delta med ei finansiering av Fjellskredprosjektet i tre år, med ein sum på kr. 100.000,- pr. år. Budsjettframlegg frå NGU er lagt ved saka. Kr. 100.000,- vil årleg utløyse tilsvarende kr. 379.000,- frå NGU si side.

Skredspørsmål er omhandla i Fylkesdelplan for arealforvaltning. Der er det utarbeidd framlegg om kartlegging av skredområde og område som er utrygge med omsyn til skred. Saka er ikkje følgd opp tidlegare. Skredhendingar har stor betydning for arealbruken. Det er derfor viktig å etablera god kunnskap om skredfare og stabilitet, slik at ein får til ei optimal forvaltning av ledige og trygge areal i lokalsamfunna i fylket.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Det vil vera ønskjeleg å sette i gang eit prosjekt i fylket der ein kartlegg, identifiserer fareområde og gjer risiko berekningar for store fjellskred og flodbølger i samband med slike.

Fylkeskommunen bør derfor innleia samarbeid om eit fjellskredprosjekt med NGU. Første året, 2005, blir finansiert med kr. 100.000,- over 2004 budsjettet frå disponible midlar til plan- og næringsføremål. Løyving for dei to neste åra vil vi kome tilbake til med ny sak når vi har meir oversyn over utviklinga i prosjektet. Det vil bli rapportert årleg frå prosjektet. Det vil likeeins bli utarbeidd eit sluttdokument med kartmessig framstilling av status for fjellskred og flodbølger i fylket.